




Vedlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel

Vurdering av senterstruktur og grendasenter

Tekniske tenester ved Plan & Oppmåling og Prosjekt & Utvikling, 23.09.25

Bakgrunn

I senterstrukturen definert i gjeldande kommuneplan er Palmafossen, Skulestadmo og Granvin lokalsenter. Vidare er Bolstad, Evanger, Bjørgum, Vinje og Myrkdalen nærsenter, og Vossevangen er regionsenter. I samband med kommunesamanslåinga i 2020 kom Granvin inn som eit nytt lokalsenter, og i tillegg vart Myrkdalen definert som eit nytt nærsenter. Med unntak av desse to endringane har senterstrukturen lege fast i over 20 år, og med utgangspunkt i ein situasjon mange år tilbake i tid. Senterstrukturen heng ikkje godt saman med skule- og barnehagetilbodet i heradet. Den gir ingen tydeleg retning for samfunns- og arealutvikling, og kvar kommunen skal investera i framtidig tenestetilbod. Dette fører til lite føreseielegheit for utvikling av tenester, og for kva innbyggjarane kan forvente seg.



Noverande senterstruktur saman med skule og barnehage.

I planprogrammet til kommuneplanarbeidet er senterstruktur og ny utvikling peika på som eitt av fleire tema som er viktig å prioritera i arbeidet med ny kommuneplan. Senterstruktur inngår i arealstrategien som skal vedtakast som del av kommuneplanen sin samfunnsdel, og er avgjerande for vidare arbeid med kommuneplanen sin arealdel.

Ny senterstruktur

Gjennom politisk medverknad har det kome innspel om forenkling av senterstrukturen. I tillegg har Voss herad knappheit på både økonomiske- og personalressursar, til liks med mange andre kommunar. Voss herad må difor riggast for nye utfordringar i framtida.

Arbeidet med ny senterstruktur har tatt utgangspunkt i «Befolkningskart» utarbeidd av Leva, som syner kor folk bur. Andre kriteria som er vurdert er stadlege kvalitetar, tilgang på



offentlege og private tilbod, sentralitet, flaum- og skredfare, dyrka mark, infrastruktur som veg, bane og VA, arealreserve og kommunal eigedom. Notatet her omhandlar hovudfunna.



Til venstre, befolkningskart utarbeidd av Leva Urban Design som syner tettleik av folk per km². Dei to andre er illustrasjonar utarbeidd av Voss herad.

Kartillustrasjon frå Leva syner at dei fleste innbyggjarane bur i og rundt sentrum. I tillegg går busettinga langs tre aksar ut i frå Vossevangen, mot vest, mot nord og mot sør. Forslag til ny senterstruktur har tatt utgangspunkt i desse tre aksane.

For å få til ei berekraftig og langsiktig satsing er det viktig å samla funksjonar, og ikkje spreie dei utover. For å oppnå dette vil ein etablere eitt knutepunkt langs kvar akse i form av eit grendasenter, der ein samlar tenester og funksjonar. Eit grendasenter vil vera ei lokal kraft som gjennom å vera eit senter i sin del av kommunen, også vil styrka grendene rundt.

Ei slik forenkling av strukturen vil skapa føreseielegheit for langsiktig utvikling. På denne måten kan ein byggja sterke grendasenter som ivaretek ynskje om levande grender. Det vil og gje ei føreseielegheit knytt til kvar kommunen skal investera, samt kva innbyggjarane kan forventa av Voss herad i eit langsiktig perspektiv.

Utvikling av grendasenter vil skje stegvis over tid. Mange offentlege tilbod som skular og barnehagar vil liggja utanfor sentra til det er tid for å byggja nytt. Også andre funksjoner, som m.a. bustader, ulike private initiativ og gode møteplassar er viktig for å lukkast i å utvikla ein god stad. Samarbeid og samhandling mellom grendene langs dei ulike aksane vil vera viktig. Får ein dette til, vil det på sikt gje robuste og attraktive stader rundt i kommunen som svarar på Voss herad sin visjon om levande grender.

Regionsenter - Vossevangen

Dei fleste innbyggjarane bur i og rundt regionsenteret, og Vossevangen som regionsenter skal prioriterast med både offentlege og private tilbod, handel og bustadbygging. For å sikra berekraftig utvikling og eit sterkt regionsenter må heradet byggjast «innanfrå og ut». Regionsenteret knyter aksane saman og koplar dei til viktig infrastruktur og eit større tenestetilbod. Vossevangen har ein viktig funksjon for innbyggjarar i heile heradet, og som regionsenter er handel, skuletilbod og ulike andre tilbod også viktig for nabokommunane våre. Eit livskraftig regionsenter vil gjera grendene og heile heradet meir attraktiv å busette seg i.



Regionsenter omland - Palmafossen og Skulestadmoen


I ny senterstruktur vert Palmafossen og Skulestadmoen definert som omland til regionsenteret. Stadane ligg tett på Vangen, og det er ikkje stort nok folketal til å forsvare at dei skal vera lokalsenter med tenestetilbod og funksjonar knytt til eit eiga omland. I dag er begge områda bilbaserte med mykje parkeringsflatar. Ved vidare utvikling i Skulestadmoen og på Palmafossen må ein ha fokus på nabolagskvalitetar og møteplassar, og gode løysingar for mjuke trafikantar. Det er ynskjeleg med fleire bustader og elles tenestetilbod som skule og barnehage, og daglegvare som ivaretek dei daglege gjeremåla til dei som bur der. Handelstilbod og særskild tilbod innan detaljhandel skal i størst mogleg grad utviklast på Vossevangen i samsvar med sentrumsplanen.

Grendasenter langs aksane

For å sikra levande grender er det viktig å definera og styrka knutepunkt i nord, sør og vest i heradet. Ved å samla viktige funksjonar og ny busetnad i tre grendasenter ynskjer heradet over tid å utvikla føreseielege tenester med god kvalitet for innbyggjarane i alle delar av heradet. Ved å samla tenester bygger ein opp om lokale fellesskap og møteplassar.

Grendasenter sør

Langs den sørlege aksen ligg **Granvin** som eit naturleg grendasenter. I det gamle kommunesenteret i tidlegare Granvin herad er tenestetilbod og funksjonar godt samla, og grendene i den sørlege delen av heradet soknar naturleg til Granvin. Ny barnehage sikrar ein tett struktur med skule/barnehage og omsorgsleilegheiter/omsorgstenester i sentrum, og i kort avstand til eit større bustadområde på Røynstrand. Grendene rundt nyter godt av eit sterkt grendasenter som er eit naturleg samlingspunkt som gir grobott for fellesskap og vidare vekst og utvikling. Granvin er eit døme på eit godt utvikla grendasenter med gode kvalitetar, og som bidreg positivt for innbyggjarane sør i kommunen.



Sentralitetsanalyse. Syner kor mange innbyggjarar som bur innanfor 5, 10, 15 og 20 km avstand til Granvin sentrum.

Grendasenter vest

I vest ligg **Evanger** gunstig til med nærleik til Teigdalen/Brekkehus og Bulken. Men på grunn av flaumsituasjonen er det svært krevjande å basera seg på vidare utvikling knytt til




Voss herad


Evanger. Evanger sine stadlege kvalitetar ligg i bygningsmiljøet i Evanger sentrum, men flaumsituasjonen set ein stoppar for vidare utvikling her. På bakgrunn av dette har ein ikkje gått vidare med å vurdera nytt grendasenter på Evanger.

Langs den vestlege aksen ligg også **Bulken**. Området er ei vidstrakt landbruksbygd der ulike funksjonar som stasjon, skule/barnehage og idrettsanlegg ligg spreidd. Mange av dei som bur i området har relativt kort avstand til Vangen, og ein ser det som lite tenleg å etablere eit grendasenter for den vestlege delen av heradet her. Bulken som grendasenter er ikkje vurdert vidare.

På bakgrunn av vurderingane over er **Bolstad** best eigna som nytt grendasenter i vest. Bolstadøyri og gatemiljøet i Øyravegen har stadlege kvalitetar med historisk djupne og identitet, som kan byggjast vidare på. Området ligg tett på jernbanestasjonen, og ligg gunstig til med tanke på pendlaravstand til Bergen. På Bolstad er det allereie ferdigregulert ledig bustadareal med fine kvalitetar. Per no ligg det rekkefølgekrav frå Bane Nor om planfri kryssing før vidare utvikling av bustader, og dette er ei utfordring som må løysast. Ny utvikling bør lokaliserast i tilknytning til gatemiljøet i Øyravegen og tettast mogleg på stasjonen. Det er og viktig å kopla bustadområda tettare på Øyravegen og stasjonen gjennom snarvegar.



Utklipp frå noverande kommuneplan der Bolstad er definert som nærsenter. Brunt areal utgjør sentrumsfremål. Gult areal er bustadfremål, og her er det viktig å få til gode koplingar mot sentrum og stasjonen. Området har om lag 34 ferdigregulerte tomter. Rekkefølgekrav frå Bane Nor om planfri kryssing har hindra utbygging.



Sentralitetsanalyse. Syner kor mange innbyggjarar som bur innanfor 5, 10, 15 og 20 km avstand til Bolstad.



Oppsummering

Bulken har spreidde funksjonar og ligg tett på Vossevangen. Og på grunn av flaumsituasjonen på Evanger, er Bolstad best eigna for ei framtidig utvikling i vest. Ny utvikling må byggja på kvalitetane i Øyravegen, og gevinsten ligg i å utvikla område tett på stasjonen (den gamle skulen er for langt unna).

Fordelar:

- Bolstadøyri og gatemiljøet i Øyravegen har fine stadeigne kvalitetar å byggja vidare på.
- Tilgang til sjø og regulert område for småbåthamn og kort avstand til stasjonen.
- Bustadareal i åsen ovanfor kan vidareførast, men bør knytast tettare på sentrumsområde med koplingar/snarvegar.
- Ligg gunstig til med tanke på pendlaravstand til Bergen.

Utfordringar:

- Krav om planfri kryssing over jernbane før vidare utbygging, og dårleg veg inn mot sentrum.
- På lengre sikt vil K5 vil vera avgjerande for område vest.
- Krev investeringar i infrastruktur og bygg/eigedom.
- Ved framtidig barnehagetilbod på Bolstad; innbyggjarar lenger aust vil få ekstra reisetid feil veg, ved pendling mot Vangen. Usikkerheit om bebuarar aust for Bolstad heller vil velja meir sentrumsnære tilbod.
- Manglar m.a. daglegvarehandel.

Grendasenter nord

I den nordlege delen av heradet ligg det fleire grender på rad og rekke. Langs E16 ligg Sundve, Vinje og Oppheim etter kvarandre med 2-5 km avstand. Alle desse grendene ligg sentralt plassert i nord. Lenger aust kjem ein til Haugsvik og lenger nord ligg Myrkdalen. Begge desse lokalitetane vil innebera ein relativt lang avstikkar for andre grender. Myrkdalen bygdasenter ligg om lag 6 km frå Vinje, medan Fjellandsbyen ligg om lag 9 km unna. Mellom Vinje og Haugsvik er det i overkant av 9 km. På grunn av stor avstand til tyngdepunktet knytt til busetting i nord, er ikkje Haugsvik vurdert vidare som grendasenter.


Myrkdalen. Det har vore stor utvikling knytt til Myrkdalen fjellandsby dei siste 20 åra. Fjellandsbyen har både arbeidsplassar, butikkar og aktivitetstilbod knytt til fritidsbustader og reiseliv, og eit nytt sentrumsområde er under utvikling. Dei neste åra skal Voss herad i gang med ei storstilt investering i nye vatn- og avlaupsanlegg, og det skal etablerast ny gang/sykkelveg mellom det gamle bygdasenteret og fjellandsbyen. På bakgrunn av store investeringar er Myrkdalen i ein særstilling i nord. Men, som trekt fram over vil det vera fleire grender som får ein lengre omveg dersom ein vel å satsa på nytt grendasenter her. Reiselivet er drivkrafta bak utviklinga av nytt sentrum med butikkar, hotell, restaurant m.m. i fjellandsbyen. Nytt sentrumsområdet ligg ein annan stad enn det gamle bygdasenteret i Myrkdalen, og er truleg noko lausriven frå lokal identitet og forankring. På bakgrunn av m.a. lokalisering er ikkje Myrkdalen tilrådd som grendasenter.



Sundve er ein landbruksbygd med mykje aktivt jordbruk og eit mindre bustadfelt på Kroken. Skule, barnehage og idrettsanlegg ligg tett på E16 og jordbruksareal, men området har ingen sentrums-kvalitetar å byggja vidare på med tanke på å utvikla ein stad. På bakgrunn av dette er ikkje Sundve vurdert vidare som eit framtidig grendasenter.


Vinje har eit lite sentrum med bensinstasjon, butikk, grendahuset Sambygg, kyrkje og eldre hotell. Vinje har også arbeidsplassar knytt til kjøttindustri og byggevarer. Sentrumsområdet er sterkt prega av å liggja i eit vegkryss og er oppdelt av E16/Rv13. Det er eit eldre bustadområde på sørsida av vegen langs Draugsvollvegen, og eit nyare på nordsida langs Draugsvollbakkane. Det er truleg eit fortettingspotensiale knytt til eksisterande busetnad, men flaum-, og skredproblematikk og dyrka mark avgrensar potensialet. I tillegg påverkar nærleiken til veg bukvalitetar på grunn av både støy og trafikktryggleik. Ein ser difor på utviklingspotensiale for både bustader og tenestetilbod med gode kvalitetar som noko begrensa, og Vinje vert difor ikkje foreslått som nytt grendasenter.

Oppheim og vegstrekninga Oppheimstunet mellom kyrkja og skuletomta framstår med historisk djupne, og har identitet og steds-kvalitetar å byggja vidare på. I dette området ligg det ein del spreidd busetnad litt vekk frå E16, og ein ser potensiale for vidare fortetting av bustader med gode kvalitetar. Oppheim har vore ein attraktiv stad for turisme og i området ligg m.a. to eldre hotell og campingplass. Inntil for nokre år sidan var det daglegvarehandel i området. På Framnes ligg sjukeheim og omsorgsbustader. Her ligg det eit mindre bustadområde med noko ny busetnad dei seinare åra. Det er også hoppbakke, tennisbane og ungdomshus ved Framnes, og gang/sykkelveg langs E16 som bind Oppheimsområdet saman.



Gjeldande kommuneplan. Gult er bustadareal, oransje er fritidsbustad, lilla er næring/turisme, raudt er tenesteyting. Ca. 3 ferdigregulerte bustadtomter ovanfor vegen v/Framnes. Område bak skulen med gode kvalitetar er regulert/avsett til fritidsbustader.

Potensialet for vidare utvikling av bustadområde med gode kvalitetar, er det viktigaste som skil Oppheim frå Vinje. I tillegg ligg den gamle skulen sentralt plassert med tanke på utvikling av tenestetilbod. Dette gjer at Oppheim vert peika på som framtidig grendasenter. Det er fleire regulerte område for fritidsbustader i område tett på skuletomta, som potensielt hadde vore eigna for bustader.



Sentralitetsanalyse. Syner kor mange innbyggjarar som bur innanfor 5, 10, 15 og 20 km avstand til Oppheim.

Oppsummering

I nord eignar Oppheim seg best for ei framtidig utvikling av nytt grendasenter. Vinje og Myrkdalen er truleg naturleg å ha med i ein vidare diskusjon, men på grunn av lokalisering, stadlege kvalitetar og utviklingspotensiale er Oppheim tilrådd. Uavhengig av val av grendasenter i nord vil det vera viktig å få til gang/sykkelvegar langs hovudvegane, for å binda dei ulike grendene tettare saman. Snarvegprosjekt knytt til gamle ferdslevegane som til dømes Kongevegen kan og utgjera ein faktor i eit arbeid med å binda grendene saman.

Fordelar:


- Oppheim og vegstrekninga mellom kyrkja og skuletomta framstår med historisk djupne og har identitet og kvalitetar å byggja vidare på.
- Sentralt plassert skuletomt som heradet eig, tilbaketrekt frå E16, eignar seg for ei framtidig utvikling av tenestetilbod.
- Område med fine bukvalitetar tett på, og som eignar seg for fortetting.
- Eldrebustader/omsorgstenester på Framnes.

Utfordringar:

- Krev investeringar i infrastruktur og bygg/eigedom.
- Framtidig barnehagetilbod på Oppheim; innbyggjarar frå Myrkdalen og frå Vinje og sørover får ekstra reisetid feil veg ved pendling mot Vangen, og kan føra til at dei vel vekk eit tilbod her.
- Manglar samanhengande gang/sykkelvegetilbod mellom Oppheim, Vinje og Sundve.
- I dag er ein del av område bak skuletomta utbygd og/eller avsett til fritidsbustadføremål. Bør vurderast å endra dette til bustadføremål i ny arealdel(KPA).
- Manglar m.a. daglegvarehandel.

Mellomsona – grendene mellom regionsenter og grendasenter

I forslag til ny senterstruktur slår ein saman lokal- og nærsenter nivået. Grendene som ligg i mellomsona kan sokna anten mot grendasenter eller mot regionsenteret. Dei kan då definerast to vegar ut i frå nærleik, identitet og tilhøyrigheit, samt ut i frå kapasitet i tenestetilbod.



Illustrasjon Voss herad. Regionsenter, grendasenter og mellomsona.


Mellom regionsenter og grendasentra ligg det mange grender og stader som har høg kvalitet og eigenart. Døme på dette er Bulken, Bordalen, Kyte og Bjørgum. Sjølv om desse ikkje vert definert som grendasenter, betyr det ikkje at dei ikkje skal kunne leva og utvikle seg. Dei vil kunne byggja vidare på sine kvalitetar gjennom private initiativ. Grendalag, idrettslag, dugnadsarbeid osv. vert avgjerande i arbeidet med å vidareutvikla desse stadene, og gode bumiljø må i større grad basera seg på lagsliv og eigen identitet.


Det offentlege må i framtida prioritera sine investeringar knytt til regionsenter og grendasentra. På sikt kan difor grender i mellomsona måtte søkja mot regionsenter eller grendasenter for t.d. skule- og barnehagetilbod.


I mange grender er det gode bumiljø og nabolag sjølv om skule og barnehage ligg ein annan stad. Det kan vera andre viktige kvalitetar som gjer at ei grend trekker til seg folk, som til dømes reiselivstilbod, fine turområde, skiløyper, kulturminne, idrettsanlegg, grendahus og lagsliv, landbruk og kulturlandskap. Dette kan private initiativ byggja vidare på. Som eit døme kan det å koma tett på tradisjonar knytt til landbruket verta meir og meir viktig. Eller det kan vera aktive idrettslag som bind grenda saman. Til saman er det mange ulike kvalitetar som skapar grobottn for at ei grend vert levande og attraktiv.

Vedlegg – sentralitetsanalysar

- Nord: Myrkdalen, Oppheim, Vinje, Sundve
- Vest: Bolstad, Evanger
- Sør: Granvin
- Regionsenter: Vossevangen, Skulestadmoen, Palmafossen
- Voss herad








Innbyggjarar og avstand til Regionsenter/Grendasenter


- 0 - 5 km
- 5 - 10 km
- 10 - 15 km
- 15 - 50 km

Kjøreavstand

- 5000 m
- 10000 m
- 15000 m
- 20000 m

Sone	0-5 km	5-10 km	10-15 km	15+ km
Vinje	696	463	188	36





Innbyggjarar og avstand til Regionsenter/Grendasenter


- 0 - 5 km
- 5 - 10 km
- 10 - 15 km
- 15 - 50 km

Kjøreavstand

- 5000 m
- 10000 m
- 15000 m
- 20000 m

Sone	0-5km	5-10km	10-15km	15+km
Bolstad	208	33	287	80

* Datauttak 03.07.2025




Innbyggjarar og avstand til Regionsenter/Grendasenter

- 0 - 5 km
- 5 - 10 km
- 10 - 15 km
- 15 - 50 km

Kjøreavstand

- 5000 m
- 10000 m
- 15000 m
- 20000 m

Sone	0-5 km	5-10 km	10-15 km	15+ km
Evanger	298	201	190	19



Innbyggjarar og avstand til Regionsenter/Grendasenter


- 0 - 5 km
- 5 - 10 km
- 10 - 15 km
- 15 - 50 km

Kjøreavstand

- 5000 m
- 10000 m
- 15000 m
- 20000 m

Sone	0-5km	5-10km	10-15km	15+km
Granvin	591	309	81	71

* Datauttak 03.07.2025



Innbyggjarar og avstand til Regionsenter/Grendasenter


- 0 - 5 km
- 5 - 10 km
- 10 - 15 km
- 15 - 50 km


Kjøreavstand


- 5000 m
- 10000 m
- 15000 m
- 20000 m

Sone	0-5km	5-10km	10-15km	15+km
Voss	6403	730	512	78

* Datauttak 03.07.2025







Innbyggjarar og avstand til Regionsenter/Grendasenter

- 0 - 5 km
- 5 - 10 km
- 10 - 15 km
- 15 - 50 km

Kjøreavstand

- 5000 m
- 10000 m
- 15000 m
- 20000 m

Sone	0-5km	5-10km	10-15km	15+km
Bolstad	208	33	287	80
Granvin	591	309	81	71
Oppheim	440	578	290	48
Palmafossen	1774	1476	201	75
Skulestadmoen	1984	1544	16	0
Voss	6403	730	512	78